


Kyrkjebladet for VAKSDAL

77. ÅRG. / NR. 1 - 2023 / kyrkja.no/vaksdal



Pasjonsspel Trusopplærar Elin Møt den nye biskopen
Side 5 Side 11-12 Side 16-17

Vegen-sidene Side 8-9

DEN NORSKE KYRKJA I VAKSDAL

Kyrkjekontoret for Vaksdal

Pb 113, Fabrikkvegen 3, 5721 Dalekvam
Tlf. 56 59 39 20 (felles for alle tilsette)
E-post: kyrkjekontoret.vaksdal@kyrkja.no

Ekspedisjonstid: Tys. og ons. kl. 11-14

Kyrkjeverje Bjart-Magnus Ndogo Rosvold

Mobil 97 69 75 62. / E-post: br233@kyrkja.no

Sokneprest Edvard Bø

Prest i Vaksdal og Stamnes sokn
Mobil 90 84 06 24 / E-post: eb447@kyrkja.no

Sokneprest Frode Kvamsøe

Prest i Dale, Eksingedalen, Bergsdalen og Nesheim sokn

Mobil: 90 19 65 14 / E-post: fk796@kyrkja.no

Trusopplærar Kristin Straume Normann

Mobil: 95 76 63 79 / E-post: ka263@kyrkja.no

Organist Ruben S. Gjertsen

Mobil: 92 45 20 98 / E-post: rg794@kyrkja.no

Organist Frode R. Vik

Mobil: 95 26 20 84 / E-post: fv586@kyrkja.no

Vaktmeistar Ottar Dalseid

Mobil: 97 67 46 16 / E-post: od622@kyrkja.no

Samtale med presten

Prestane står til disposisjon for samtale.

Avtal helst på førehand.

Prestane har teieplikt.

Informasjon om gudstenester, konfirmanttida og Kyrkjebladet finn du på www.vaksdal.kyrkja.no/vaksdal

GATEADRESSER:

Bergsdalen kyrkje: Bergsdalsvegen 1065

Dale kyrkje: Kyrkjegata 1

Eidsland kapell: Eidslandsvegen 2014

Eksingedalen kyrkje: Sørdaalsvegen 10

Nesheim kyrkje: Nesheimsvegen 31

Stamnes kyrkje: Gruvevegen 19

Vaksdal kyrkje: Vaksdalsgarden 34

VIPPS

Bergsdalen sokn 552521

Dale sokn 525329

Eksingedalen sokn 706003

Kyrkleleg fellesråd 94073

Nesheim sokn 548798

Stamnes sokn 524776

Vaksdal kyrkje 137194

Vegen / Trusopplæringa 514111



Stoff til neste nummer må vera kome inn til 16. mai.

Bilete på framsida: Illustrasjonsbilete.

Faster du?

Påsken nærmer seg med stormskritt. Mange av oss ser fram til lange skiturer, Kvikklunch, appelsiner og sol. Påsken er tida då alle nordmenn desperat søker til fjellet for å få ein siste smak av vinteren. Det som kjem før påska er det ikkje så mykje snakk om. Dette er fastetida. Ei tid for faste, bøn og ettertanke.

No er det vel slik at dei siste åra har underteikna og mange andre slengt seg på bølga med periodisk faste eller intermittent fasting som det heiter. Dette betyr at du til dømes faster 18 av døgnets 24 timer. Om dette er effektivt strides de lærde om, men for oss som er litt glade i store måltid gjer dette at me kan spise relativt mykje dei timane me har lov å spise.

Ei annan trend er at ein faster frå f.eks. Facebook, mobilbruk, sukker, osv. Om det var dette vår Herre tenkte på når han vandra førti dagar i audemarka er eg usikker på. Men det gjer ihvertfall at ein må ofre noko. Belønninga får ein jo (som med mat) når ein kan bryte fasten og komme tilbake til dei gamle (u)vanane.

Det slår meg no at all denne fastinga nok muligens er eit siste desperate forsøk på å oppretthalda nyttårsforsetter, som for dei fleste av oss berre er fjerne minner. Sjølvdisiplin har aldri vore menneskets sterkeste sider, og det er nok muligens difor dei fleste religionar har i seg moment, som kan vera med å styrke denne.

Så til sist, god faste og god påske!

Bjart-Magnus N Rosvold
Kyrkjeverje i Vaksdal

Fellesrådsleiar:

Lars Patterson, tlf. 91 88 78 25 / e-post: lars.patterson@vetlejord.com

Soknerådsleiarar:

Bergsdalen: Anne Hilde Fosse Osvold (mellombels) 95 10 03 27

Dale: Eli Leiren, tlf. 99 32 53 53

Eksingedalen: Jarand Brørvik (mellombels), tlf. 99 36 39 51

Nesheim: Gøril Kvinge Nesheim, tlf. 93 05 46 36

Stamnes: Bjørn Stamnesfet, tlf. 41 41 33 51

Vaksdal: Grete Loftheim Dale, tlf. 99 26 81 28

Den norske kyrkja si heimeside: www.kyrkja.no

Bjørgvin bispedømme si heimeside: www.kyrkja.no/bjorgvin

Bibelen på nett: www.bibel.no

KYRKJEBLADET FOR VAKSDAL

Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal

Bladpengar: kr 250,-

Annonsepris: kr 4,- pr. sp.

Avgiftsfritt.

Bankgiro: 3500.07.05800

Bladstyrar: Kyrkjeverja i Vaksdal

Grafisk utforming: Vaksdalposten

Kasserar: Vaksdal Kyrklelege Fellesråd, boks 113, 5721 Dalekvam

Eksp. og trykk: RKGrafisk, tlf 99 21 42 00

Retur til: Kyrkjekontoret for Vaksdal, Pb. 113, 5721 Dalekvam

Kyrkjebladet frå 2002 og framover kan lesast på: kyrkja.no/vaksdal



DEN OVERRASKANDE VONA

«Kvífor leitar de etter den levande mellom dei døde? Han er ikkje her, han er stått opp. Kom i hug kva han sa til dykk medan han ennå var i Galilea: Menneskesonen skal gjevast over i hende til syndige menneske og bli krossfest, og tredje dagen skal han stå opp.» Lukas 24.5b - 6

Desse orda var sagt til kvinnene som gjekk til grava Påskemorgon. To menn i skinande klede tala. Steinen som stengde gravhola, var rulla bort. Grava var tom. Englane tala til dei, og kvinnene hugsa orda Jesus hadde sagt. Dei vart forundra, opprømde og glade. Dei gjekk for å fortelje alt til lærersveinane. Den overraskande vona. Det var eit ny von. Når Jesus tala om at han skulle lida mykje, døy og så stå opp att, var det tako. Dei hadde mest festa seg ved kva Peter sa: Dette må ikkje hende deg, Herre. Håpet før Golgata der Jesus hang på krossen, var til ein mektig politisk hærførar som skulle fri folket frå den romerske overmakta. Jesus kunne jo ikkje døy frå dei. Kva von ville dei då ha? Vona Jesus gav for mennesk, var av eit anna slag. Kristus skulle seira over døden og ondskapen si makt og mynde i himmelrommet. Den kristne vona, er eit nytt liv i både denne verda og i den komande. Det overraskande var at sigeren kom gjennom nedslaget. Så lenge det er liv, er det von! Kristus bring von etter døden. Døden var forutsetninga for realiseringa av vona.

Korkje kvinnene eller lærersveinane forstod all samanhanga påskedagen. Dei vart berre fylde med skrekkblanda fryd over at Jesus på ny gjekk levande mellom dei.

Kva gjev von? Påskeglede er ikkje berre det at ein død mann får livet att. Det er stort og forunderleg nok i seg sjølv. Ja, ikkje til å tru, nesten. Oppstoda er eit teikn. Ved Jesu Kristi oppstode kjem eit nytt liv for menneska og for verda. Kyrkja sitt vere og ikkje-verde er grunna på denne hendinga.

Kva voner du? Det kan vere so mangt. Mykje er knytt til alt det daglegdagse som gjeld sut for økonomi, helse og fred i verda. Alt dette får me legge i henda til Frelsa. Det er ikkje snakk om magisk fjerning av alle suter og plager, men han går med oss gjennom prøvingane i livet. At han framleis lever to tusen år etter påskedramaet, og høyrer bøner, gjev håp. Jesus er håpet for verda. Kven kan sigra over ein som sprengjer lekkjene for døden si makt. I han er no alt mogeleg. Han var førstegrøden av all oppstode. Det gjev svimlande perspektiv. So kan me i trua ha ein dobbel perspektiv på livet; tryggleik for det nære her og no, og samstundes ha ein horisont der framme med himmel over livet. Den gjev orientering for vandringa og dei vegvalga me gjer kvar dag. Me nærmar oss høgtida, med visse og von om at kvar dag er ei ny påskeglede. Kristus stod opp frå dei døde. I trua får me òg eit heilt nytt liv.

Riktig God Påske!

Helsing
Edvard Bø



Spel: Pasjonsspelet i Oberammergau.

Pasjonsspelet i Oberammergau

Det hende nokre gonger i livet at ting legg seg til rette på ein spesiell måte, og det opplevde Arne og eg i fjor. Pasjonsspelet i Tyskland, i den vesle byen Oberammergau, var noko me hadde hørt om og lese om, og no fekk me på kort varsel høve til å oppleva dette sjølve. Då gjeld det å gripa sjansen, og det angrar me ikkje på!

Spelet i Oberammergau har ein lang historie bak seg. Området var sterkt truga av ein pest som tok mange liv, og no var pesten komen til byen. Innbyggjarane møttest i kyrkja og gjorde ein lovnad til Gud: Om Gud sparte dei for pesten, skulle dei kvart 10. år oppföra eit spel om Jesu liding, død og oppstode. Underet hende, etter dette stoppa utbrotet og det er sagt at ingen døydde sidan

av pesten. Lovenaden har folket i byen halde, og i år vart spelet sett opp.

Det starta 14.mai, og vert spela 5 dagar i veka fram til oktober. Heile byen er sterkt prega av dette, og for å vera med som utøvar, må ein vera fødd i Oberammergau eller ha budd der dei siste 20 åra. Det er i nyare tid bygd ei stor scene og eit overbygd amfi med plass for 4500 personar, og det

te såg ut til å vera fullsett.

Heile arrangementet verka svært profesjonelt, ein måtte gjennom ein tryggleikskontroll for å koma inn, og området var godt tilrettelagt med sanitæranlegg, kioskar og det ein trøng. Det er eit stort ansvar å ha eit arrangement for så mange, så tida har nok innhenta også dei. Det var foto og film-forbod under framföringa, så det avgrensar

det me kan syna i etterkant, men korleis skulle det elles blitt med 4500 mobilkamera i sving... Og det ville også øydeleggia konsentrasjonen og innlevinga i spelet.

Me reiste saman med 20 andre i ei gruppe med to reiseleiarar, Jon Espeland og Helge Simones. Dagane før spelet, fekk me oppleva byane Bratislava, Wien og Salzburg med omvisingar,

Mozart-konsert med middag i ærverdige omgjevnader, og båttur på Donau. Mykje gull og glitter og historie i børger og slott! Kvar dag starta med dagens bibeltekst og Fadervår, samt refleksjonar om svært aktuelle tema. Til dømes ville Hitler bruka spelet til fordel for sine idear, og ein kan trekkja parallellar til same tendensar i andre samanhengar i vår nære tid.

På spel-dagen var me på plassane våre kl 15, og spelet var ikkje ferdig før kl 22.30! Men sjølv sagt var det med ein lengre pause innlagt, der me kunne eta middag. Me fekk utdelt tekstbok på engelsk, og det var nytting for å sjå kven som var kven på scena. Spelet er lagt opp som eit oratorium, med fullt orkester i orkestergrav, stort kor med solistar, og sjølv sagt aktive skodespelarar. Det var lite kulissar, enkelheita slik var i seg sjølv eit sterkt verke-middel. Spelet veksla mellom song, handling på scena og tablå med tema frå det gamle testamentet. Dette siste var

visst tidstypisk for tida det heile starta på. Det var ganske «naturell» elles, pisking og alt det Jesus vart utsett for vart direkte framført. Tårene rann hjå dei fleste av oss, og enkelte måtte nok til tider sjå ein annan veg. Sidan spelet står i ein katolsk tradisjon, fekk mellom anna Maria, mor til Jesus ein sentral plass. Oppsto-da hadde nok også vore sterke vektlagt i ein luthersk tradisjon, men vart uansett her opplevd som sterkt og ekte.

Me var ganske stille på den korte gå-vegen attende til hotellet den seine kvelden. Mange sterke og spesielle inntrykk har skapt tankar og refleksjonar i etter-kant.

Det er framleis ikkje for seint å ta turen til Oberammergau, det er 10 år til neste oppsetjing. Mange reiseselskap arrangerer turar dit, det kan anbefalast. Me er takksame for at me fekk høvet!

Tekst:
Eidrun Straume Normann



På plass i Tyskland: Arne og Eidrun S Normann

Min salme

Det er ikkje lett å velje éin salme. Der er så mange fine, som har betydd forskjellig i forskjellige periodar av livet. Likevel tenkjer eg at det må verte éin påskesalme. I påsken skjedde det som er grunnen til at eg kan kalle meg éin kristen, éit Guds barn. Det er dette som er det sentrale, som eg skal få kvile i. Å vere éin kristen handlar ikkje om, som mange tenkjer, å seie nei til alt. Det handlar om eit JA. Ja til å ta imot og kvile i at dette gjeld for meg. Ja til éin dimensjon som eg treng i mitt liv.

Den stunda i Getsemane

Norsk Salmebok nr. 174

T: Edward Payson Hammond 1866

O: Bernt Støylen 1906/ Johannes Barstad 1899 (vers 3)

M: Asa Hull, omkring 1867

*1 Den stunda i Getsemane
Eg aldri gløyma kan,
Då du låg skjelvande på kne,
Min Gud og Frelsarmann.*

*Kor: Getsemane, Getsemane,
Der du, min Frelsar god,
For meg låg skjelvande på kne
Så sveitten draup som blod!*

*2 Du sorptyngd inn i hagen kom
Og stridde sårt for oss,
Du tok vår synd, vår død og dom,
Du bar det til din kross.*

*3 Av kjærleik der du sveitta blod,
Av kjærleik der du bad,
Av kjærleik skjelvande du stod,
Så eg går frelst og glad.*

*4 Men vil min kjærleik kolna av,
Min Frelsar, eg deg bed:
Å, minn meg om din kross og grav
Og om Getsemane!*

Så kan ein gjerne tenkje om akkurat denne salmen at den er tung i både tekst og melodi. Det som skjedde i Getsemane var tungt og dystert men det slutta ikkje der. Vi får fortsetje påsken med å syngje «Deg være ære, Herre over dødens makt». Til neste nummer av Kyrkjebladet utfordrar eg Lars Bjarte Nesheim til å skrive om sin salme.

Brith Kydland

Nizar si eventyrlige vassreise

Synet som møtte Nizar Seleman Utanga for sju år sidan, gav liten grunn til håp, men sidan den gong har ho vore med på å endre 126 000 liv i Mbulu i Tanzania. Det heile byrja med ein brønn.

- La meg løfte saman med deg, så du ikkje mistar bøtta, seier Nizar Seleman Utanga og hjelper ein ung gut med å helle vatn over i ein dunk.

Området vi er i, heiter Mbulu og ligg i Tanzania, i den spektakulære Riftdalen. Omkransa av fjell, solsikker og endelause maisåkrar. Så vakkert, men samtidig så røft og brutalt for dei som bur her. I ei årrekke har dei kjempa mot tørke og vassmangel. Innbyggjarane i landsbyen Goje måtte gå mellom fem og seks timer kvar dag for å hente vatn. Dette er ein landsby Nizar har besøkt jamt og trutt dei siste åra som programmedarbeidar i Kirkens Nødhjelp.

- Sist eg var her, var det høg arbeidsløyse, stor fortviling blant bøndene, tomme skulebenkar og mykje sjukdom. Ingen hadde eit sosialt liv. Det var det ikkje tid og rom for, seier ho.

Verken menneske eller dyr hadde vatn.

- Dei som bur her, gjekk i fem-seks timer for å hente vatn. Så langt var det til nærmeste kjelde. Og det vatnet dei fann, var langt frå trygt, understrekar ho.

Ein av dei som henta vatn, var

15 år gamle Deodata Julius.

- Eg gjekk for å hente vatn kvar morgon klokka fem og gjekk i to timer. Då eg kom heim, sprang eg til skulen for ikkje å kome for seint. Etter skulen sprang eg heim for å gå i to nye timer. Først klokka 19.30 på kvelden kunne eg setje meg ned og gjere lekser, fortel ho.

Deodata legg til at ho alltid var sliten og trøytt, og at ho grudde seg til å hente vatn på ettermiddagane. For ofte rakk ho ikkje heim før det blei mørkt.

- Eg syntest det var ekstra skummelt å gå i mørkeret, minnest ho.

I 2014 samla det norske folket inn 250 millionar kroner til reint vatn gjennom TV-aksjonen, noko som gav vatn til 1,7 millionar menneske. Ein av landsbyane som har fått brønn, er nettopp Goje. I Mbulu, der vi er no, har 126 000 menneske fått tilgang til reint vatn. Kirkens Nødhjelp har både bora etter vatn og reparert brønnar. Den djupaste brønnen er på 135 meter.

Ei fersk undersøking som er gjord i Mbulu og i Haydom, viser ein nedgang frå 89 til 35 prosent i sjukdommar som er rela-

terte til skitent vatn.

- Eg er så stolt, så stolt over å få vere med på å endre så mange liv. Det er ein heilt annan atmosfære her no. Folk er lykkelige og har jobb, skulane er fulle av elevar, livskvaliteten har endra seg, og bøndene kan igjen dyrke grønsaker, seier Nizar.

Rundt vasspumpa i Goje er det full aktivitet. Skulen til Deodata er her for å hente vatn. Sjølv slepp ho å gå i timevis og kan konsentrere seg om å bli lege.

Nizar er spesielt glad for at barn og unge endeleg kan få tid til å vere nettopp unge.

- Liva deira var så travle, men no får dei vekse opp og ha normale liv. Det fortener dei. Eg ser så mange smil. Dei kan leike, gå på skulen og halde seg friske. Eg blir så imponert over denne endringa, smiler ho.

Sjølv om livet i Goje no er godt, er det framleis stor vassmangel i Tanzania, noko som òg gjeld større byar.

4 millionar menneske manglar tilgang til reint og trygt vatn. 29 millionar menneske har ikkje tilgang til gode sanitærforhold.

*Tekst og foto:
Anette Torjusen*



Konfirmantar og andre kjem rundt på dørene med innsamlingsbøsse om ettermiddagen

tysdag 28. mars

Det vil gå folk med bøsser i dei tre store sokna, Dale, Vaksdal og Stamnes.

I Bergsdalen og i Eksingedalen vert det høve til å gje pengar når det er gudstenester der i løpet av påska.

Det er alltid høve til å gje via VIPPS til 2426 eller gje til konto 1594 22 87493.





23: Nizar Seleman Utanga frå Mbulu i Tanzania.



UNDER GALLERIET I DALE KYRKJE

Fredag 31. mars kl 19.00

Kristenretten på Moster 1024

- Kvifor skal ein feira
1000-årsjubileum i 2024?

Ved Jørn Øyrehaben Sunde
Samtale/høve til spørsmål
Enkel servering



Arr: Dale sokneråd



PRELIDIUM 2

Foto: Monica Takvam

BOKSLEPP I DALE KYRKJE

Laurdag 29. april kl. 13.00

Ei av dei store hendingane i Dale kyrkje i fjor var **Prelidium 2**, ein performance og ei utstilling ved Kurt Johannessen.

I samband med dette vart det laga ei bok, og ho er klar for lansering siste laurdagen i april.



KVA HAR SKJEDD på Vegen SIDAN SIST?



Desse sidene er avsett til trusopplæringa i Vaksdal, som me kallar Vegen i Vaksdal. Det er sjølv sagt livs- og trusvegen det handlar om, og målet om at alle som er døypte eller tilhøyrande Den Norske Kyrkja skal bli invitert til eit tilbod i kyrkja sin regi minst ein gong i året, til dei fyller 18 år.

Fylg *Vegen i Vaksdal* på Facebook!



Tårngenthelg i Vaksdal kyrkje

Fyrste helga i februar kom over tjue sju- og åtteåringer til Vaksdal kyrkje for å bli tårnagentar. Fyrst måtte alle seia eit passord, for å koma fram til der dei fekk agentkortet sitt - med eige fingeravtrykk sjølv sagt! Med agentkort rundt halsen og ein eigen agentbevegelse på plass, fekk agentane ulike oppdrag dei skulle løysa, og dei var både øvst i tårnet (der dei møtte Ottar kyrkjetenar som kalla seg Tobias i tårnet denne dagen) og på symboljakt rundt i kyrkjerommet. Flaggermussuppa gjekk ned på høgkant, og sundagen song dei kjekke agentane tårnagentsongen av full hals!



Spanande: Tårnagentar på Vaksdal.



Tårn: Tårn bygga av klossar (t.v.).

Tårnagnethelg: Borna teikna frå forteljinga Jesus stiller stormen (t.h.).

Lys Vaken i Dale kyrkje



Lys Vaken Dale 2023: Aktivitetar for borna. Foto: Brith Kydland



Lys Vaken Dale 2023: Historieforteljing. Foto: Brith Kydland.

Siste helga i januar inntok fleire av årets ellevåringer Dale kyrkje, og overnatta der. Dei var nok spente då dei kom til kyrkja, for fyrste gong med sovepose! Men opplegget fen-

ga, og det vart eit kjekt lite døger i kyrkja. Dei var gjennom ulike aktivitetar, blant anna laging av Kristuskrans (armband), og førebuing til gudssteneste. På kvelden fekk dei

besök av Marie Brit som fortalte ei godnattforteljing for borna, og så fekk dei god mat sjølv sagt! Under gudstenesta søndag var dei fleste borna involvert på ulikt vis, og dei ver-

ka til og med lys vakne, trass sikkert litt mindre sovn enn vanleg! På denne gudstenesta fekk òg årets ellevåringer fra Dale sokn utdelt Nytestamentet.

Baby- og småbornssong på Dale og Vaksdal



Babysong på Dale: Mange på babysong på Dale.

I vår er det som i haust baby- og småbornssong vekselvis på Dale og Vaksdal på onsdagar. Det har vore ein fin gjeng med små og store som har sunge og leika saman, og pra-

ten går fort og lett etter sjølve songstunda. Tilboden har kanskje vore eit sunt pustestrom frå travle kvardagar? Det er fint å vera saman!

Etter skuletid på Dale og Vaksdal



Etter skuletid på Vaksdal: Stolte jenter pusla i rekordfart.

Etter skuletid er for born i 5.-7. klasse, der dei får tilbod om ein stad å vera etter skulen onsdagar, vekselvis på Dale og Vaksdal. Borna har fått pølser og saft, og kunna spelt spel eller gjort ulike ak-

tivitetar, alt etter kva dei har villa sjølve. På Vaksdal er det ein god gjeng som møter kvar gong, og tikken og göymsel inne i kyrkja er kjekke aktivitetar!

Knøttesong på Dale og Vaksdal



Knøttesong på Dale: Mange som kosar seg på knøttesong.

I vår har me òg hatt knøttesong for born 1-5 år på Dale og Vaksdal onsdagar. Det varierer kor mange som kjem, frå tre til tretten, og det er alltid

liv og leik og god song uansett kor mange me er. Det er tydeleg at mange har vore innom fleire gongar, og blitt trygge på songane me syng saman. Kjekt!

Onsdagsklubb på Dale og Vaksdal

Også i vår har me gjennomført «Superonsdagar» på Dale og Vaksdal, med samlingar for fire ulike aldersgrupper på same dag, vekselvis på Vaksdal og Dale, som de ser over og under her. Onsdagsklubb er for born i 1.-4.klasse, der me syng, fortel, leikar og har ei hobbyaktivitet. Til no i år har me både bygd tårn, perla og laga dyremasker. Kva blir det neste?

Onsdagsklubb: På onsdagsklubb på Dale laga me dyremasker.



Generasjonssong på Vaksdal og Dale

Me har gjennomført eit par rundar med generasjonssong på Vaksdal sjukheim og Daletunet helleshus i vår. Me kjem med teppe, leikar og såpebøbler, og syng oss gjennom vande og tradisjonelle barnesongar, saman med dei eldre på heimane. Det har

vore kjekt og gjevande, og fine møte mellom dei yngste og dei eldste i bygda! Dette er eit samarbeid med Frivillighetssentralen i Vaksdal, som steiker valer til alle som er med, og på Dale var Gro Karin Fosse med og spelte vakkert piano til samlinga.

Kva skjer på vegen framover?

23. MARS, 13. APRIL OG 1. JUNI



Baby- og småbornssong på Stamnes

Det er tre gongar igjen med baby- og småbornssong på Stamnes: 23.mars, 13.april og 1.juni. Opplegget er cirka klokka 10-11, og så et me lunsj ilag (ta med niste, me har drikke) frå 11-12. Me er i kjellaren i Stamnes bedehus, ved sida av kyrkja. Det er sjølv sagt ope for små og store frå andre bygder òg!

0-2 år

2. APRIL

Borna sin påskedag på Vaksdal og i Eksingedalen

Sundag 2.april planlegg me gudsteneste med Borna sin påskedag i Vaksdal og Eksingedalen kyrkje, der årets sjuåringer vert spesielt inviterte, og alle andre sjølv sagt også er velkomne. Gjennom ulike postar vert ein ført på ganske konkret vis gjennom sentrale dagar i påska.

7 år



19. APRIL OG 2. MAI

Generasjonssong på Vaksdal sjukeheim og Daletunet helsehus

I april og mai inviterer me til Generasjonssong på aldersheimane i kommunen. Fyrst ut er Vaksdal sjukeheim, der me syng saman med dei yngste og eldste klokka 11.30-12.30 den 19.april. same klokkeslett vert det òg på Daletunet helsehus, der me skal syngja saman den 2.mai. Me håpar dette vert kjekke samlingar for både små og store, og Vaksdal frivillighetssentral er med og steiker vafler!

0-2 år
og 70+

21. MAI

Gudsteneste på Skipshelleren

På Kristi Himmelfartsdag pleier det vera gudsteneste i fjordkanten ved Skipshelleren på Straume. Då den dagen i år er 18. mai samlast me heller på søndagen same veka. Til denne gudstenesta vert årets femåringar spesielt inviterte til å vera med. Sjølv sagt saman med familien sin. Det vert fyrst ei enkel utegudsteneste som er ekstra tilpassa borna. Om det er stygt vær er det ingen problem, for då har me gudstenesta under helleren der me sit tørt. Etterpå er det grilling av pølser, og leikar for både små og store. Dette pleier å vera ein kjekk dag for dei som tek turen, så me håpar fleire nyttar høvet i år!

5 år



SUPERONSDAG

I VAKSDAL KYRKJE: 22.3, 19.4, 3.5

I DALE BEDEHUS: 12.4, 26.4, 10.5

11.30-13.30:

Baby- og småbornssong (0-2 år)

Sanserike samlingar for dei yngste borna. Sjølv ve songstunda er ca. kl. 12.00.

Lunsjtreff før og etter.

Kom/gå som det passar!

Ta gjerne med niste,
me har drikke og frukt.

14.00-15.00:

Etter skuletid (5.-7.trinn)

Ein trygg stad å vera saman etter skulen.

Me gjer litt ulike ting kvar gong, som spel, aktivitetar, lekser, hobby, song, teikning og forteljing. Varmt måltid (pølser) til alle!

17.00-18.00:

Knøttesong (1-5 år)

Opplevingsrike samlingar med leik og song for borna i aldersgruppa.

Mat, prat og frileik etterpå.

Ta gjerne med niste,
me har frukt og kaffi/te/vatn.

18.15-19.15:

Onsdagsklubb (1.-4.trinn)

Samling med ulike aktivitetar for alderstrinna. Song, leik, hobby og forteljing. Litt ulike ting kvar gong.

VELKOMEN INN <3

Facebook-side: «Vegen i Vaksdal»



STAMNES:

Kyrkjelyds-basaren fekk inn kr 26.412

Det var kjekt å endeleg kunna invitera til skikkeleg basar att, i regi av soknerådet og barnekoret.

Sesongen for Stamnes barnekor varer fram til vinterferien, og siste torsdag før ferien er det blitt tradisjon med minikoncert og basar. Bedehuset på Stamnes var fullsett og stemninga god! Det var mykje god lyd i koret, dei imponerte med både song og songglede.

Soknerådet sin økonomi

er avhengig av ein betydeleg eigeninnsats for å ha midlar til kyrkjelydsarbeidet, og det varmar verkeleg når bygdene stiller opp slik for kyrkje-ne på Stamnes og Eidsland. Barnekor-foreldra stiller også opp for koret på ein svært god måte, som er avgjerande for at koret kan fungera slik det gjer, takk til «deko»!



Stamnes barnekor song på Eidsland: Søndagen 19. februar deltok barnekoret på familiegudsteneste i Eidsland kapell. Dirigent dette året har vore Kristin S. Normann, og Ruben Gjertsen har gjeve stødig og godt tonefylge.

Årane vart selde, bøkene trekte og gevinstane forsvann ein etter ein. Basar-folka fekk god hjelp frå barnekor-born til å dela ut gevinstar, kjekt!

Resultatet vart altså kr. 26 412,-. Kjempebra!! Tussen takk til alle som bidrog på ulike måtar, og vel møtt neste år!

VAKSDAL:

Oppussing på dugnad

Vaksdal sokneråd har lenge sett at det har vore trøng for ein god del vedlikehaldsarbeid i kyrkja. Så veit vi at dei økonomiske rammene er trонge og at midlane ikkje rekk til for å gjera alt ein ønsker.

Difor har soknerådet den siste tida avtalt med kyrkjeverja at rådet kun-

ne utføra ein god del oppgåver på dugnad. Med spreke pensjonistar har arbeidet gått fort unna - til glede for både tilsette, soknerådet og alle som kjem til kyrkja vår.


Sakristi, konfirmantrom og våpenhus er no rydda, malt oppatt og fått nye møblar. Dei fleste møblane kom via Finn.no.



Oppussing på dugnad: Våpenhuset mot hoveddøra, før oppussinga (t.v.) og etter (t.h.).

Innsamlinga til flygel

Mål: 216.000 kr
Status pr 9. mars:



Takk for alle gåver til no! Det er framleis høve til å bidra.

Vipps:137194/ Bank: 3530.23.95746
Vaksdal sokneråd

Frå årsmeldinga for Vaksdal sokn

Det er ei glede for soknerådet å peika på nokre oppgåver og nye tiltak i løpet av det siste året.

- Superonsdag – annankvar onsdag er det samlingar for born frå 0 til 13 år, fordelt på fire ulike tiltak
- Eit flott flygel er på plass og er tatt i bruk
- Stor konsert i desember til inntekt for flygelet
- Bibeltimar med tema frå Efesarbrevet
- Ukraina-bønesamlingar
- Måndagstreff i konfirmantrommet
- Strategimøte saman med bedehuset v/styret for indremisjonen
- Oppussing av sakristi og konfirmantrom



Trusopplærar: Elin ved julekrybba.

At folk flytter frå Vaksdal er vel ikkje alltid så bra, men når me no har «eksportert» ein trusopplærar til Aurland i Sogn kan vel det formidlast i Kyrkjebladet? Og det har jo i det minste gjort noko positivt for folketalet i Aurland, så difor tek me sjansen på å presentere

Elin Mbogo-Svensson, *trusopplærar*

Elin bur i Aurland i Sogn saman med mannen David. Dit flytta dei i 2020, då han fekk ei stilling ved Sogn Jord- og Hagebruks-skule. Dei har tre born i alderen 7-11 år; Emanuel, Sara og Jakob.

- Den fyrste tida budde me på skulen, og då hadde me kort veg til skule

og barnehage. Men i fjar kjøpte me hus lenger nede ved fjorden, i retning Skjerdal.

Og i fjar haust byrja Elin som trusopplærar i Aurland, og dekkjer då og Flåm og Undredal. Der held ho på med babysong om tysdagane, og med noko dei kallar Junior-

konfirmantar, som vil seie eit tilbod til 11- og 12-åringane. Konfirmanthane er det presten som tek hand om.

- Kyrkja i Aurland hadde vore utan trusopplærar ei tid før eg byrja, og dei andre tilsette freista å halde hjula i gang likevel. No freistar me å utvikle

arbeidet for å ha ei tilbod til fleire born. Arbeidet mitt som trusopplærar er timebasert, og elles har eig ein halv stilling i SPAR-butikken og ei lita stilling som rekneskapsførar.

Mannen hennar, David, er fra Kenya, og er utdanna agronom og har

bachelor-grad i økologisk landbruk. Han reiste til Noreg for å ha praksis, og kom til Hatlestad i Bergsdalen. Begge to song i koret Kilden, vart kjende med kvarandre der, og gifte seg i 2008. Etter studia til Elin budde dei i Kenya eitt år, før dei så kom til Bergsdalen i 2012. Der leigde dei hus, han var avløysar og ho var heime med borna.

- Det var fint at eg kunne vere heime med borna då dei var små. Eg var med i Bergsdalen sokneråd til me flytta til Aurland, og var og med i trusopplæringsrådet for kyrkjelydane i Vaksdal

Elin er fødd og oppvaksen på Dale, i Skulegata. Ho vaks opp med to eldre brør, men den eine av dei døydde i 2014. Frå ho var 20 år studerte ho i tre år på Ås - på Universitetet på Ås, som det heiter no - og tok bachelorgraden i økologi og naturforvaltning.

- Eg har hatt med meg barnetrua frå eg var liten, og mamma bad kveldsbøn saman med meg. Og eg gjekk på søndags-skulen på Dale. Det var ein fin plass å vere, og eg gledde meg heile veka til neste søndagskulesamling.

Elin var den einaste som kom på søndagsskulen i ein periode, men det gjekk fint seier ho - og minnast dei to søndags-skule-lærarane sine; Ingeborg og Liv.

- På Ås vart eg med i det kristne fellesskapet. Då var eg med i det kristne skulelaget og var med i ei bibelgruppe. I tillegg var det ei internasjonal kyrkje der. Trua mi vart fornya der - og eg tok steget frå barnetrua til ei meir aktiv tru. No betyr Jesus alt for meg, og trua fylgjer meg i kvardagen.

Tekst: Frode Kvamsøe



Alle samla: Elin og familien. Foto: privat

VEL MØTT I VAKSDAL KYRKJE I KONFIRMANTROMMET!

KAFFIEN OG TEEN ER KLAR MÅNDAGAR FRÅ KL 12.00 TIL 13.00

- Sit du heime åleine?
- Har du gått deg ein tur i Lia eller på Rogavegen?
- Hadde det vore kjekt med ein föremiddagsprat?
- Kjem du saman med nokon?
- Trilletur med barnevogn?
- Har du teke turen til Vaksdal frå andre delar av kommunen?

Då kan det jo smaka godt med ein kopp kaffi eller te og litt å bita i.

Vel møtt til ei ope og uformell pratestund!



OPEN KYRKJE

LAURDAG KL 12.00-14.00

DÅ ER DALE KYRKJE OPEN FOR ALLE SOM

- Berre vil koma innom
- Bli betre kjent med kyrkja
- Ha ei stille stund
- Tenne lys
- Vil sjå seg rundt
- Få med seg ei lågmælt musikkstund

Kaffi/te/vatn står framme saman med noko enkelt å bita i.

Kl 12.00: Kort omvisning
kl 12.30: Musikkstund

Dale kyrkje vert open kvar 3. laurdag i månadane:

21. januar - 18. februar - 18. mars - 15. april - 20. mai


Ruben Gjertsen har laga arrangement for salmane

Ei samling med salmearrangement av Ruben Gjertsen er no gjeve ut på Lyche Musikkforlag.

4 hefter er ordna etter kyrkjeåret, tema i salmeboka eller kyrkjelege handlingar. 183 ulike salmemelodiar er arrangert, nokre i fleire versjonar. I tillegg kommer versjonar av liturgisk musikk og orgeltranskripsjonar av musikk av Debussy, Grieg, Händel og Rachmaninov. Dette har blitt til gjennom ein del års arbeid som organist. Der det er trong for musikk til inngangsprosesjonen har det gjerne vore naturlig å komponere noko nytt over den fyrste salmen. Når ekstra musikkar er hyra inn har

det blitt skrevet arrangement for dem, til dømes for festgudstenester i Tromsø Domkirke. Dette har hopa seg opp og er nå blitt en større samling.

Tittelen «I skapningens mangfold» er henta fra Svein Ellingsens salme «Stjernene lyser fremdeles i mørket» (Norsk Salmebok 2013:724). Den siste salmeboka har spesielt stor musikalsk breidd, og i samlinga letes det etter et tilsvarende mangfold av musikkformer. Stilen varierer frå medelalder, barokk, wienerklassisme, romantikk til mo-



derne uttrykk eller jazz. Noko er eksakt nedskrive, noko opnar for improvisasjon.

Nedskrivne forspel kan også nyttast som inspirasjon for nye orgelimprovisasjonar.

Vi har fått løyve til å

bruke Hugo Lous Mohr sitt flotte alterbilde frå Dale kyrkje som omslag på hefta, og biletet er teke av Brith Kydland. Forlaget har gjort en kjempejobb med å hente inn løyve til å bruke de nyere salmemelodiene.

KONSERTAR VED RUBEN GJERTSEN

VAKSDAL KYRKJE

Fredag 7. april (Langfredag) kl. 10.30: Orgelresitasjon
Laurdag 13. mai kl. 16.00: Orgelkonsert

DALE KYRKJE

Laurdag 22. april kl. 16.00: Orgelkonsert
Laurdag 3. juni kl. 16.00: Orgelkonsert

Minneord Oddvar Fosse (1942-2012)

Kyrkjetenar Oddvar Fosse døydde på Voss sjukehus 1. juledag, medan kyrkjeklokken i Noreg kalla inn til gudsteneste. Trass i at han var langt over vanleg pensjonsalder var han framleis aktiv som kyrkjetenar i Eksingedalen kyrkje. Han hadde eit relativt kort sjukeleie, og var på jobb så seint som i oktober. På 80-talet var han kyrkjetenar, reinhaldar og kyrkjeverje i Nesheim sokn nokre år. Han gjorde og ein stor og frivillig innsats for Fagertun leirstad i mange år. Det står eit intervju med Oddvar i Kyrkjebladet nr. 2 i fjar.

Oddvar var ein god og kjær medarbeidar, og ein som me alltid kunne rekne med. Med sin lune måte å vere på var det alltid kjekt å vere på jobb med han. Me lyser fred over Oddvar sitt gode minne.

Frå medarbeidarane i kyrkja i Vaksdal



Bibeltimar på Vaksdal og Stanghelle

Vinteren og våren 2023 held Edvard Bø to seriar med bibeltimar.

Vaksdal kyrkje tysdagane 21. mars og 18. april kl. 19.00
 I Vaksdal kyrkje er det ei ny serie over likningane om Guds rike eller Himlenes rike i evangelia. Første samlinga var 21. februar med temaet: Guds rike kan liknast med. Andre samlinga er 21. mars med temaet: Guds rike er midt i mellom dykk. Tredje samlinga er 18. april. Den har fått temaet: Guds rike er openberra i Jesus Kristus. Tema går over i kvarandre, men har litt ulik innfallsvinkel.

Samlingane er i konfirmantrømmet og varer omlag 1,5 time.

Det vert kaffi og noko å bite i. Desse samlingane er i samråd med soknerådet.

Stanghelle bedehus onsdag 12. april kl. 19.00

Dei som vart haldne i haust på Vaksdal over tre tema i Efesarbrevet, vert repeterte på Stanghelle Bedehus. Første bibeltime hadde tema «Av nåde er de frelse», den andre «Ein kropp, Kristi kropp». Siste samlinga vert onsdag 12. april om «Guds fulle rustning».

Samlingane på Stanghelle er i regi av Dale og Stanghelle indremisjon, og tidsramma er den same som i Vaksdal kyrkje Bibeltimane er bibelundervisning mynta på vaksne.

Ein treng ikkje forkunnskap. Sjølv om det er ei viss samanheng mellom kveldane, står kvar samling for seg sjølv. Ein treng altså ikkje å vere med på alle for å ha utbytte av dei.

Ver velkommen til bibeltime, og ta gjerne med eigen bibel!



Vaksdal

BLOMSTER OG
BEGRAVELSESBYRÅ
- omsorg ved livets slutt -



DITT LOKALE BYRÅ SIDAN 1984

DØGNVAKT: 56 59 74 70

WWW.VAKSDALBEGRAVELSE.NO

TRENG DU NOKON
Å SNAKKE MED?

Ring eller skriv: Vi er her. Alltid. kirkens-sos.no

SOS
22 40 00 40


SOS
CHAT


SOS
MELDING





Fasteaksjonen til Kirkens Nedhjelp 2023

HÅP I EIN DROPE VATN

VIPPS til 2426



Den nye biskopen gler seg til å ju

Vår nye biskop i Bjørgvin, Ragnhild Jepsen, blir vigsla 16. april i Domkirken i Bergen, første søndagen etter påske.

Ragnhild Jepsen, som har vore til stades ved fleire bispevigslar tidlegare, trur ein slik dag er god å ha i ryggen når ho no skal ta fatt i tenesta. Ho kjem frå stillinga som domprost i Nidaros. Det vert mykje fest og fokus på ein person den dagen. Det er samstundes fint å ha med seg velsigninga, bønene og fellesskapen når kvardagen kjem med ulike krevjande situasjonar. Det er noko stort i det å bli sett og kjenne på kyrkja sitt tydelege ja til meg som biskop. Eg ser verkeleg fram til den dagen, seier ho. Ho er fyrste kvinnelege biskopen i Bjørgvin bispedøme. Eg er også veldig glad i å feire gudsteneste, sier ho. Det vert flott å syngje påskesalmar denne første søndagen etter påske.

-Er påska relevant i vår tid?
 -Når me jublar påskegleda ut første påskedag, er det på vegner av alt Gud har skapt som òg skal bli nyskapt. Det som hende i påska med Jesu død og oppstode, er det endelige provet på at Gud har frelst sin skapning, og har tru på mennesket og alt han har skapt, seier den komande biskopen.

-Kva ser du fram til ved å bli biskop?
 -Eg ser fram til å bli kjent i bispedømet med men-

neska her, med kyrkje-lydane, både tilsette og frivillige medarbeidrarar. Eg ønskjer å vere ei tydeleg stemme i kyrkja og på vegner av kyrkja. Ho er ikkje klar til å lansera noko særlig satsingsområde for eigen del. -Eg vil først av alt lytta meg inn til kyrkja og livet i Bjørgvin.

„
Når me jublar påskegleda ut første påskedag, er det på vegner av alt Gud har skapt som òg skal bli nyskapt.

Ragnhild Jepsen

Ragnhild Jepsen kjem frå Ål i Hallingdal, og har røter i Vestland, men ho har ikkje budd her før. -Eg ser fram til å bli kjent i byen og fylket. Det er eit arbeid i seg sjølv å etablera seg med eit nettverk òg på fritida. Til bispedustaden på Landås har ho med seg ektemannen Einar Vegge. Han er pilgrimsprest i Nidaros, og har reist delar av kystpilegrimsleia i Bjørgvin, noko Ragnhild òg ser fram til å gjere. Dei har to vaksne born, Håkon og Ingjerd.



Ny biskop: Ragnhild Jepsen gler seg til påske.

-Du syng i kor i Nidarosdomen. Får du tid til korsong i Bergen?

-Det skal vel godt gjerast. Eg har sunge i kor sidan eg var tre år. Byr det seg eit høve, seier eg kanskje ja til eit prosjektkor.

Ragnhild Jepsen har vore prest i 25 år, først som kapellan i Åmot i Østerdalalen. Sidan har ho vore i Nidaros domprosti som kapellan, sokneprest og frå 2011

som domprost.

-Dette har gjeve meg mange erfaringar og møte med menneske i sorg og glede. Som domprost har eg vore mykje med i rådsarbeid, m.a. kyrkjeleg fellesråd i Trondheim. Eg er oppeten av at både organisatoriske strukturar og alt det praktiske med bygningar gjev gode rammer for det kyrkjelydsbyggjande arbeidet, seier ho. Ho er glad i å vere saman

ble for påska!



med folk. Sjølv har ho ofte vore vertskap i Nidarosdomen for små og store grupper.

-Kva har kyrkjå å tilby folk flest?

-Gode fellesskap der du kan kome uansett alder, funksjon eller prestasjon. Me skal vera fortolkarar av tida vår. Om me til dømes opplever barnefattigdom, korleis kan me då vera kyrkje på ein truverdig og evange-

lisk måte? Dette må skje lokalt med støtte får bispedømet. Det er viktig at kyrkja som del av lokalsamfunnet, spelar saman me lokale organisjonar, skuler og grupper. Eg vil oppmuntre til å byggje kristne fellesskap der me samlast om det som er umisseleg for oss.

*Dette er ei bearbeidning
ved Edvard Bø,
av eit intervju tilsendt frå
bispedømekontoret.*



DET SKJER I BEDEHUSA

VAKSDAL BEDEHUS

Storsamling søndag kl. 11.00

Søndagsskule i kjellaren kl. 11.30

same dag som storsamlinga

26. mars: Talar: Olav Andre Soltveit

16. april: Talar: Christian Skoge

14. mai: Talar: Vegard Hetlebakke

Basar

1. mai kl. 16.00.

Formiddagstrekk torsdag kl. 11.30

Andakt, song og musikk, matpause, m.m.

Torsdag 23. mars: Gjest: Ellen Haugland og

Ingunn Nøkland

Torsdag 20. april: Gjest: Audun Myksvoll

STANGHELLE BEDEHUS

onsdag kl.19.00

12. april: Bibeltime ved Edvard Bø

3. mai: Møte ved Vegard Hetlebakke

14. juni: Møte ved Asle Hetlebakke

DALE BEDEHUS

17. mai kl. 17.00: Fest!

KYRKJA I VAKSDAL



- VEGEN I VAKSDAL

(TRUSOPPLÆRINGA)

- BABYSONG, SMÅBORNSONG OG
KNØTTESONG I VAKSDAL

- KYRKJENE I VAKSDAL

- BERGSDALEN KYRKJE

- DALE KYRKJE

- NESHEIM KYRKJE

*Det finst og andre sider med og om kyrkjene
i Vaksdal, men dei er genererte av andre,
til dømes Facebook sjølv.*



**Vi har stillas
med hengar til leige.
Telefon 481 44 680**

ARNPRO

Tlf. 56 53 00 60 • www.arnpro.no

ATLANTIS
VVS & INTERIØR
Din lokale rørlegger i Vaksdal
€ 95 97 17 00



GRAVMINNEN



Utstillingen kan sees i butikk.
Vi lager også modeller etter ønske.



STEINRIKET
DALE AS

Dalegarden • Tlf. 40 61 55 00 • www.steinriket.no

**Sæterdal
Elektro**



**Me leverer alt innan
elektrikartenester.**
Tlf. 565943 00



SparebankenVest
– satsar på Vestlandet

Tlf 56 59 39 00 - www.spv.no



**Alt innan
tømrararbeid**

Tlf. 922 65 739
post@falkangerbygg.no



IdéHUS
BYGGER PÅ GODE IDÉER

**Falkanger Bygg er
forhandlar av Idéhus**
Sjå Idehus.no

AUTORISERT TELE- OG ELEKTROENTREPENØR

**Vangen
Elektriske**

HAR DU BRUK FOR EIN FAGMANN?

- Elektro svak- og sterkstraum
- Alarmanlegg
- Teleinstallasjonar
- Brannvarsling
- Adgangskontroll

Tlf. 56 52 36 66 - www.vangen-elektriske.no



Bergsdalstunet

- Selskap
 - Levering av mat
 - Minnesamvære
- Tlf. 93 213 213**

SLEKTTERS GANG



DØYPTE

Dale

- 08.01 Otto Horvei Ulveseth
 08.01 Brage Tvedt Knutsen
 29.01 Adam Wefring Johansen
 12.03 Ylva Trohjell

Stamnes

- 12.03 Ina Hesjedal



VIGDE

Bergsdalen

- 03.12 Mari Farestveit og Øyvind Larsen Lyngstad



DØDE

med kyrkjeleg gravferd/bisetjing

Dale

- | | | |
|-------|---------------------|------|
| 19.11 | Rune Iversen | 1955 |
| 24.11 | Kjellaug Knutsen | 1933 |
| 09.01 | Jan Eivind Simmenes | 1946 |
| 14.01 | Egil Ekanger | 1932 |
| 23.02 | Arne Dahle | 1928 |

Eksingedalen

- | | | |
|-------|-------------|------|
| 06.02 | Inger Lavik | 1940 |
|-------|-------------|------|

Nesheim

- | | | |
|-------|--------------|------|
| 25.12 | Oddvar Fosse | 1942 |
|-------|--------------|------|

Stamnes

- | | | |
|-------|------------------|------|
| 07.12 | Villy Farestveit | 1942 |
|-------|------------------|------|

Vaksdal

- | | | |
|-------|---------------------|------|
| 07.01 | Bjørg Vågenes | 1930 |
| 26.01 | Haldis Høiby Hansen | 1927 |
| 23.02 | Anders Vinsrygg | 1946 |



NORDHORDLAND BEGRAVELSESBYÅRÅ

AVD. VAKSDAL
ALTID HÉR FÖR deg

DØGNVAKT 56 99 25 70 - WWW.NORDH-BB.NO

Me har lokalt kontor i Elvavegen 1, 5722 Dalekvam



Ann-Elin M. Gullbrå



Marit M. Alvheim

Ditt lokale gravferdsbyrå



tovi
Elektro

Tlf. 417 94 104
E.post: tommy@tovielektro.no



DALETEC

VELKOMEN TIL KYRKJA

Laurdag 25. mars

VAKSDAL KYRKJE kl. 20.00
 Ung Messe ved konfirmantane og prestane m. fl. Nattverd.

Søndag 2. april - Palmesøndag

EKSINGEDLEN KYRKJE kl. 11.00
 Borna sin påskedag/ familiegudsteneste. Bø og Normann.
 VAKSDAL KYRKJE kl. 16.00
 Borna sin påskedag/familiegudsteneste. Bø og Normann.

Torsdag 6. april - Skjærtorsdag

EIDSLAND KAPELL Kl. 11.00
 Nattverds-gudsteneste. Bø.
 DALE KYRKJE kl. 19.00
 Nattverds-gudsteneste. Bø.

Fredag 7. april - Langfredag

VAKSDAL KYRKJE kl. 10.30
 Orgelresitasjon. Gjertsen
 VAKSDAL KYRKJE Kl. 11.00
 Pasjonsgudsteneste. Kvamsøe. Nattverd.

Søndag 9. april - Påskedag


NESHEIM KYRKJE kl. 11.00
 Felles høgtidsgudsteneste for Eksingedalen. Bø. Nattverd.
 STAMNES KYRKJE kl. 11.00
 Felles høgtidsgudsteneste for Vaksdal, Dale og Stamnes.
 Kvamsøe. Nattverd.
 BERGSDALEN KYRKJE kl.16.00 Høgtidsgudsteneste.
 Kvamsøe. Nattverd.

Måndag 10. april - 2. Påskedag

Ingen gudsteneste i Vaksdal

Søndag 16. april - 2. søndag i påsketida

DALE KYRKJE kl.11.00
 Bø. Nattverd.



**Returadresse: Kyrkjebladet for Vaksdal
Postboks 113, 5721 Dalekvam**

Søndag 23. april - 3. søndag i påsketida
VAKSDAL KYRKJE kl.11.00
Bø. Nattverd.

Søndag 30. april - 4. søndag i påsketida
EKSINGEDEALEN KYRKJE kl. 11.00
Kvamsøe. Nattverd.

Måndag 1. mai – Offentleg høgtidsdag
DALE KYRKJE kl.11.00
Gudsteneste. Kvamsøe. Song av Dale Mannskor.

Søndag 7. mai - 5. søndag i påsketida
DALE KYRKJE kl. 11.00
Konfirmasjon. Kvamsøe.
VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00
Konfirmasjon. Bø.
NESHEIM KYRKJE kl. 15.00
Gudsteneste. Kvamsøe. Nattverd.

Søndag 14. mai - 6. søndag i påsketida
STAMNES KYRKJE kl. 11.00
Konfirmasjon. Bø.

Onsdag 17. mai - Grunnlovsdagen
VAKSDAL KYRKJE kl. 10.00
Festgudsteneste. Bø
DALE KYRKJE kl. 10.30
Festgudsteneste. Kvamsøe
STAMNES KYRKJE kl. 12.00

Familiegudsteneste. Bø
EIDSLAND KAPELL kl. 12.30
Familiegudsteneste. Kvamsøe

Torsdag 18. mai - Helgetorsdag
Ingen gudsteneste i Vaksdal

Søndag 21. mai – Søndag før pinse
SKIPSHELLEREN (Stamnes) kl. 12.00 Friluftsgudsteneste.
Normann og Kvamsøe.

Søndag 28. mai - Pinsedag
BERGSDALEN KYRKJE kl. 11.00
Konfirmasjon. Kvamsøe.
VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00
Felles høgtidsgudsteneste for Vaksdal, Dale og Stamnes. Bø. Nattverd.

Måndag 29. mai - 2. pinsedag
Ingen gudsteneste i Vaksdal

Søndag 4. juni - Treeiningssøndag
DALE KYRKJE kl. 11.00
Gudsteneste. Bø Nattverd.
EIDSLAND KAPELL kl. 11.00
Gudsteneste. Kvamsøe. Nattverd.

Søndag 11. juni – 2. søndag i treeiningstida
FAGERTUN LEIRSTAD kl. 12.00
Familiegudsteneste. Kvamsøe.
50-årsfeiring for Fagertun.
FITJAVATNET / NORDVIKSÆTER kl. 12.00.

*Oppdaterte opplysninger som gudstenestene finn du her:
Annonsar i lokalavisa same veka, plakatar, og på www.kyrkja.no/vaksdal. Ta kontakt med kyrkjekontoret ved ynske om dåp.*



*Bunad og stakkastovo as
ny bunad
omsøm
bunadsølv
tilbehør*

*Ring for avtale 56 19 18 00
Osterøy næringspark, 5281 Valestrandfossen
www.bunadogstakkastovo.no*